



Vikøy sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

Referat frå soknerådsmøte

tysdag 17. november 2015 i Norheimsund kyrkje kl. 19.00

Frammøtte: Rebekka Opsal-Engen, Ingvill Sørheim Odd Øygarden, Kari Bente Valland Træbakken, Eimund Solsvik, Arvid Strømme, Gudrun Skeie Langeland, Sokneprest Hove og Edmund Tolo.

Sak 71/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjend utan merknader.

Sak 72/15 Godkjenning av referatet frå førre møte.

Det var ingen merknader til referatet.

Sak 73/15 Val av nestleiar, kasserar og skrivar

Nestleiar: Odd Øygarden

Kasserar: Eimund Solsvik

Skrivar: Edmund Tolo

Alle føreslegne i møtet og valde ved akklamasjon.

Sak 74/15 Val av dei siste kandidatane til bispedømmerådet

Vedr. stemmerett : Arvid Strømme er innkalla som vararepresentant

Liste over kandidatar vart delt ut, og orientering om ulike oppmodingar til valet vart opplyst om. Valet vart gjennomført som individuelt skriftleg val. Vikarierande Sokneprest Hove deltok ikkje i valet då han ikkje har stemmerett.

Sak 75/15 Offersøknader til januar 2016

Ein del søknader er mottekne så langt. Normalt for året er vel 30 gudstenester. Liste over søknader vert framlagt før møte i januar. Liste over gudstenester fram til 26 juni



er no sendt ut for 2016. Tidlegare år har om lag 7 offer i året gått til soknerådsarbeidet. Vi fylgjer tidlegare praksis, og i dei to fyrste gudstenestene blir offeret gjeve til kyrkjelydsarbeidet.

Sak 76/15 Ny liste over kyrkjevertar og medhjelparar. Kven kan laga til denne?

To vertar har dei siste åra levert ut salmebøker, samt førebu kyrkjekaffi m/kjeks på dagar dette høver og hjelp ved offer i benkene etc.

Medhjelparar, - tekstlesing etc

Gudrun Skeie Langeland og Kari Bente Valland Træbakken er frivillig til å setja opp denne. Dei får digitalt siste versjon frå Ingvill. Berit Skutlaberg har sagt seg villig til å ta ansvaret for kjøkkenet med innkjøp etc.

Sak 77/15 Søknad om støtte til dirigentutgifter til ungdomskoret (Sjå eige vedlegg)

Dei søker ikkje om ein eksakt sum, men dei må dekke inn 67000 kr til dirigentløn (jf. Søknaden). I 2014 vedtok soknerådet å gje kr. 30000 i støtte. For 2015 gjev også soknerådet 30000 kr til å dekke denne stillinga. I tillegg er ungdomskoret tildelt to offer for 2015. Ungdomskoret er viktig for ungdomsarbeidet, og gjev mykje attende til bygda og soknerådet ser særst positivt på å støtta dette.

Vi vurderer ein eventuell søknad om offer for 2016 når denne føreligg.

Sak 78/15 Julehelsing til frivillige

Ei julehelsing har vore sendt ut til frivillige medarbeidarar tidlegare år. Ingvild seier seg villig til å organisera ei slik helsing og får hjelp hjå Rebekka Opsal-Engen.

Sak 79/15 Steinane ved parkeringsplassen

I samband med bygging av ny barnehage er kyrkja sin parkeringsplass avsperra. Dei store steinane vart i si tid gjeve til den nye kyrkja. Kva gjer vi no vidare?

Den nye vegen vert flytta, og parkeringa vert flytta. Forslag om at steinane vert plasserte mellombels på bakken mot kyrkjehaugen. Arvid får i oppgåve å undersøka dette med kyrkjevertja. Saka kjem att i januar.



Sak 80/15 Orienteringssaker.

A: Kvam Herad har gjeve 164.000 i stønad til Fellesrådet.

B: Kyrkja treng nytt lydanlegg:

- Det har lenge vore ynskje fastmontert lerret . Søknad er godkjend hjå biskopen for endring i kyrkjerommet.
- Førebels er det ikkje budsjett for dette.
- To kyrkjeringar har løyvt midlar til dette, til saman 45.000 NOK. Konto for dette er hjå kyrkjevevja . Søknad om midlar har vore sendt Sparebankstiftinga, med avslag no i haust. Ansv kyrkjevevje
- Ingvild lagar eit takkebrev til kyrkjeringane vedr. gåva og melder til kyrkjebladet.

C: To representantar skal sitja i Fellesrådet.

- Leiaren, Ingvild er vald inn i dette . Nestleiar , Odd hennar personlege vararepresentant.
- Arvid er den andre representanten, personleg varamedlem Eimund Solsvik.
- Dersom det ikkje er lov, vert Nestleiar fast representant, medan Arvid Strømme vert personleg varamedlem.

D: 1. desember er det orientering om soknerådsarbeid for nye soknerådsmedlemmer kl 16-20 I Norheimsund Kyrkje

Leiaren melder forfall til denne kvelden

NESTE MØTE: Tysdag 19. januar kl. 19.00 i Norheimsund Kyrkje.

Då har Astrid Helleve Fylkesnes opning

Kari Bente Valland Træbakken organiserer kaffi etc.

Referent : Edmund Tolo